



Dette naustet i Beinavikjo kan rivast, er kommunen sitt råd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Inger og Ingvald Haara i Beinavikjo har no fått brev frå verksemdsleiar Tormod Fossheim om at kommunen kan tilrå ein søknad om å riva naustet deira. Alt peikar mot at dei seinare får setja opp ein ny bygning på tomta, men kva type bygning vil verta klart når reguleringsplanen ligg føre, skriv Fossheim.

Det har i vinter vorte ein skade på grunnmuren under naustet og det er bakgrunnen for denne saka. Området er avsett til bustad i kommunedelplanen og nausteigarane undrast no på kva som skal skje med naustet og den framtidige utnytting av tomta.

Forvaltningsstyret la ned midlertidig byggje- og deleforbod for området rundt Uskedalen Brygge i påvente av den nye reguleringsplanen. No har kommunen motteke forslaget til ein slik plan frå arkitekten - med søknad om utlegging til offentleg ettersyn.

I denne planen er naustet vist som fritidshus. Men planen skal gjennom ein lang prosess og Fossheim kan ikkje forskottera resultatet. Difor kan han heller ikkje tilrå å oppheva byggje- og deleforbodet no.

Men Fossheim skriv at hvis dei riv naustet, vil dei nok seinare få løve til å byggja opp att eit tilsvarande naust. Og all den tid området er avsett til bustad i kommunedelplanen og føreslege til fritidshus i reguleringsplanen er det nok stor sannsynlegheit for at dei også får nytta ein ny bygning til varig opphald, trur verksemdsleiaren.

Av Ola Matti Mathisen